

Uttaksreglement - MRGL

Årsmøte i MRGL har vedteke følgjande generelle kvalifiseringsopplegg for uttak til Noregsmeisterskap i Gjetarhund, og dette skal leggjast til grunn for uttak av Møre & Romsdal sitt årvisse lag til NM i Gjetarhund.

Kvalifikasjonsopplegg NM i Gjetarhund for Møre & Romsdal:

- 5-7 prøver, der dei 3 beste er teljande i grunnlaget for utrekninga.
 - Årvis og endeleg aktivitetsplan listar dei prøvane som omfatter kvalifiseringa, og dette vert endeleg vedteke av MRGL styret.
 - Merk; Uttaksprøvane må vere minimum klasse 3 med momenta deling/singling, og Fylkesmeisterskapet bør innehalde ei finale med momenta dobbelhent/sortering.
 - Det vert krevd høg prøvestandard slik at fylket sendar dei beste til NM.
 - Geografisk fordeling av uttaksprøvane i fylket etter beste evne.
- Innbyrdes plassering (innad i fylket) på dei enkelte uttaksprøvane.
- Poeng ihht til poengskala (1 pl. 15p, 2 pl. 12p, 3pl. 10p, deretter, 9, 8, 7, 6, 5, 4, 3, 2, 1)
 - Ved poenglikhet går den med beste plassering(ar) framom.
- Årleg fylkesmeister er automatisk kvalifisert til gjeldande NM i Gjetarhund.
- Ingen prøvehund som skal gå kvalifiseringsprøve til eit NM kan gå på arenaen/bana før kvalifiseringsprøva vert arrangert, minimum 1-ei veke i førevegen.
- Dersom resutatet etter ei endt uttaksprøve har for mange brot (min 35% brot av det totale antal ekvipasjar fra fylket som stille til start på uttaksprøva) skal denne uttaksprøva fjernast frå underlaget, og styret i MRGL har ansvar for å erstatte uttaksprøva med ei annan prøve som held standard.
- Dei beste frå denne kvalifiseringa (pluss ein reserve) ihht NSG bestemt antal deltakarar frå fylket, dannar Møre & Romsdal sitt lag til Noregsmeisterskap i Gjetarhund.
- Endeleg vedteke årlege kvalifiseringsprøvar vert publisert på heimesida sin aktivitetskalender - MRGL.NO

